Vikøy Sokneråd

Postboks 39

5600

Referat frå soknerådsmøte i Vikøy sokneråd 27.okt. 2026 kl.19.00

Frammøtte: Astrid, Magne, Brynhild, Tove, Vetle, Erling, Randi, Helene, Solfrid og Gudrun. Trusopplærar Solveig L. Sangolt var med på sak 44/26 pkt 2.

Opning: Magne

Kaffi og noko å bita i: Erling

44/26 Godkjenning av innkalling og referat

Vedtak: Innkalling og referat er godkjende

45/26 Evaluerings- og orienteringssaker:

- **Flygelkonsert og innsamling til nytt flygel.** Pengane går inn på Fellesrådet sin konto, så me har ikkje oversikt over kor mykje som har kome inn.
- **Vennefest** Solveig noterte kven frå SR som kan vera med på dei ulike postane/kjøkkenet. Me har fått underskotsgaranti på kr 3000 frå heradet
- **Sorggruppa** Fire personar er no med i gruppa. Dette er ei samtalegruppe, ikkje terapigruppe. Dei har møttest tre av åtte gonger, 1.5 – 2 timar kvar gong. Kvar samling vert avslutta med lystenning i globen.
- **Nytt frå kulturkomiteen** 240 personar kom på Kvammaveko der Nadia Ansar snakka om forsoning 12.oktober. Kjempebra! Neste gong det er venta så mykje folk på ein temakveld, må me berre setja opp stolar i salen og ikkje bord.

Det var òg eit flott temamøte – Skaperkraften og jeg - med Jostein Ørum 23.oktober med ca.60 frammøtte. Tema for kulturkveldane i 2027: **Spor av Gud** der fire ulike førelesarar snakkar om forskjellige sider ved temaet .

- **Miljøbutikken plant eit tre. Info frå sentralstyremøtet 15.oktober.** Me må avventa til etter 4.nov.
- **Nytt frå staben** Frist for kyrkjevergestillinga er fk fredag. Intervjurunde om 3 veker. Vetle sluttar 1.jan.27
- **Nominasjonskomite, status så langt**. 2 personar har sagt ja. Namnedugnad i Nhs kyrkje 10.nov.kl.19-20. Dei frå SR som kan, må koma.
- **Heildigitalt kyrkjeval i 2027** Ein kan stemma manuelt i Norheimsund kyrkje på dagtid, evt etter gudsteneste. Evt kan folk stemma i kvart sokn, men då må det vera folk tilstades på rette tidspunkt.

46/26 **Utlysingstekst til ny soknеprest** (Sjå vedlegg for forslag til utlysingstekst.)
Me i SR ynskjer å få fram meir kva arbeid kyrkjene brenn for og finna nokre mogelege satsingsområde. Me vil ha meir om menneska som går her, t.d.at dei fleste blir døypte, konfirmerte. Kanskje kan det vera lurt å flytta fram/opp «Ein søkjer såleis ein prest som……». Ein kan kutta ut i teksten det som står om bedehuset og Framnes. Det er meir oversiktleg om ein skriv punktvis slik at det ikkje vert så tung tekst.

Vedtak: AU jobbar vidare med utlysingsteksten. Dette må gjerast i nær framtid.

47/26 **Eventuelt:** Avslutningsgudsteneste for Vetle: 3.eller 31.januar -27

Neste møte er 24.november.

Opning: Astrid Mat: Gudrun

Gudrun Skeie Langeland, ref.